



Nytt område for obligatorisk opplæring i førarkort klasse S – Høyrings svar og vurderingar frå Statsforvaltaren i Vestland

Innhald

Samandrag høyrings svar	2
Statens vegvesen	2
Sunnfjord Kommune.....	2
Idar Holen	2
Johnny Bakke	3
Hjalmar Dispen	3
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.....	4
Statsforvaltarens merknader	4
Høyringspartar og uttalar	4
Generelle merknadar.....	5
Proessen og kunnskapsgrunnlaget.....	5
Nedslagsfelt og bruk av området.....	6
Tilkomst	7
Tilsyn.....	7
Naturverdiane i området.....	7
Støy og friluftsliv.....	9
Oppsummering	10
Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova.....	12

Samandrag høyringsvar

Statens vegvesen

Vegvesenet har ingen merknader i saka då det aktuelle område for opplæring i bruk av snøskuter ikkje soknar til statlege vegar.

Sunnfjord Kommune

Sunnfjord kommune viser til at det nærmaste opplæringsområde for innbyggjarar i Sunnfjord kommune er Voss, og at det er om lag 200 km reiseveg dit. Kommunen ser det difor som ein fordel med eit opplæringsområde i den nordlege delen av Vestland fylke, slik at reisevegen vert redusert for kommunar nord for Sognefjorden. Dersom området ved Robjørgane er eigna ut frå andre omsyn, støttar Sunnfjord kommune at det vert etablert område for obligatorisk opplæring i bruk av beltemotorsykkel (snøskuter) i Stryn kommune.

Idar Holen

Idar Holen har innspel både til prosessen og innhaldet i forslaget til forskrift. Når det gjeld prosessen og kunnskapsgrunnlaget, reagerer han på at dei som bur i Robjørggrenda ikkje har vore involvert i prosessen før saka vart sendt ut på høyring. Han stiller også spørsmål ved at søknaden ikkje har vore lagt fram i politiske organ i kommunen. Han peiker vidare på at det er uheldig at kommunen ikkje har gjort støymålingar eller undersøkingar i terrenget med tanke på verknadene for flora og fauna. Høyringsparten viser også til at omfanget av opplæringa ikkje er stipulert, og stiller spørsmål ved om det er trong for eit slikt område.

Når det gjeld innhaldet i forslaget, er Idar Holen negativ til å setje av området til obligatorisk opplæring i snøskuter og viser til at fjellområdet er sårbart både når det gjeld plante og dyreliv, og meiner auka støy som følgje av at området skal brukast som opplæringsområde for snøskuter vil forstyrre dyra og deira naturlege åtferdsmønster. Han peiker særleg på rype og skogsfuglbestanden, samt hjortebestanden i området. Området er brukt som friluftsområde, og er brukt i mye større grad enn omtala av kommunen i saksførebuinga legg til grunn. Å bruke området som opplæringsområde for snøskuter vil forstyrre med støy, og i tillegg vil oppkøyring med køyrespor frå snøskuter øydelegge området sin urørde karakter. Han peiker på at i det opne fjellterrenget er støy svært merkbar ved 100db, og støyen vil gå langt ut over buffersona på 450 meter som kommunen har nemnt i saksutgreiinga.

For å redusera skadeomfanget meiner han at området bør reduserast i areal, og at perioden der det skal opnast for køyreopplæring er for lang, og i det minste bør innskrenkast til perioden med stabile snøtilhøve, til dømes til 1. januar til 15. mars. I denne samanhengen er det i høyringssvaret og vist til at grendevegen er i dårleg stand i teleløysingsperioden mars-april. Det vert og nemnt at Stryn kommune eller Statsforvaltaren må ha tilsyn og ansvar for arealet.

Johnny Bakke

Johnny Bakke kjenner godt til området som er foreslått som opplæringsområde då familien har hatt hytte på Haugen i Robjørøane sidan 1970. I høyringssvaret vert det vist til at terrenget i området for det meste er vatn og myr, som etter høyringspartens syn kan ta skade av køyring med snøskuter. Det vert også uttrykt uro for at vasskjelda, ei elv som renn gjennom området, kan verte forureina. Det vert peikt på at så lenge det ikkje har vore synfaring i området må føre-var-prinsippet vektleggjast slik at ikkje avgjerda vert teke på feil grunnlag. Bakke meiner også at tilstanden på tilkomstvegen, som er smal og bratt, gjer at denne treng utbetring dersom området skal nyttast som planlagt. Då det ikkje skal vere fleire øvingsområde enn naudsynt, bør val av område sjåast i samanheng med behov i nabofylka. Det same gjeld spørsmålet om stabile ver- og snøtilhøve.

Hjalmar Dispen

Hjalmar Dispen er nabo, og har vakse opp i Robjørøane. Eigedomen hans grensar inn til området som er foreslått som opplæringsområde for snøskuter. Dispen er positiv til forslaget og meiner at saksutgreiinga som Stryn kommune har utarbeida omtalar interessene i området på ein utfyllande og god måte. Høyringsparten meiner området er godt eigna for slik opplæring, og at avgrensinga av området er fornuftig og ikkje kjem i konflikt med andre interesser. Det er og positivt at det er tilrettelagt for parkering, og at det er høve til overnatting for kursdeltakarane i nærområdet. Det vert vist til at området er lite nytta av andre enn grunneigarane, både sommar og vinter. I koronaperioden var deler av hans eigedom nytta som opplæringsområde for snøskuter, og han har god erfaring frå dette. Han peiker i denne samanheng på at det ikkje var registrert klager i samband med denne bruken av området. Det vert i høyringssvaret også vist til at det er stor avstand til dei andre fastbuande i grenda, slik at det ikkje vil vere fare for støy og andre forstyrringar. Dispen meiner at det er trong for eit slikt opplæringsområde for snøskuter i Stryn kommune med tanke på beredskap, redningsteneste med meir, og viser til at området kan betene den nordlege delen av Vestland fylket i tillegg til nordover og austover i nabofylka. Høyringsparten meiner at terrenget i området er godt eigna for snøskuteropplæring med gode snøtilhøve. Han kan heller ikkje sjå at

opplæringsområdet vil komme i konflikt med dyr- eller planteliv, og viser mellom anna til at hjorten trekk vekk frå området så snart snøen legg seg i terrenget.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane rår frå å setje av området ved Robjørgane til opplæringsområde for snøskuter av omsyn til natur og friluftsliv fordi intakt natur, inkludert fråvær av motorlyd og lys er stadig sjeldnare og pressa frå mange hald.

Naturvernforbundet peiker på at det er lite kartlagt økologisk informasjon i området som er foreslått, men området sin storleik og karakter og låge inngrepsgrad tilseier at det er eit viktig naturområde med høgt mangfald av artar og naturtypar. Det vert i denne samanheng vist til kartlegging i eit område like sørvest for det føreslegne opplæringsområdet som vart gjennomførte i 2023 av Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS. Naturvernforbundet framhevar at særleg fugle- og dyrelivet vil verte påverka negativt dersom området vert teken i bruk til skuterkøyring.

Når det gjeld omsynet til friluftsliv viser Naturvernforbundet til at området er registrert som eit svært viktig friluftsområde, utan særleg tilrettelegging, og at slike område er viktige å ta vare på. Naturopplevingar som i stor grad knyter seg til fråvær av tilrettelegging og fråvær av lyd og lys er kvalitetar som i dag karakteriserer dette området som friluftsområde, og som vil bli påverka i negativ grad dersom forslaget får gjennomslag.

Statsforvaltarens merknader

Høyringspartar og uttalar

Forslaget om område for obligatorisk opplæring i Snøskuter i ved Robjørgane i Stryn kommune vart sendt ut på høyring 30. september 2024. Høyringa var annonsert i Norsk lysingsblad og i lokalaviser, både i papiravis og i digital utgåve. Vi hadde oppslag om høyringa på heimesidene til Statsforvaltaren, og bad Stryn kommune om å spreie informasjon via eigne heimesider. Vi fekk til saman seks fråsegner til forslaget. Følgjande sendte fråsegn til høyringa; Statens Vegvesen, Sunnfjord kommune, Idar Holen, Johnny Bakke, Hjalmar Dispen og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.

Generelle merknadar

Statens vegvesen har ikkje merknadar til forslaget til forskrift om område for obligatorisk opplæring i Snøskuter i ved Robbjørgane i Stryn kommune. Vi les det vidare slik at Idar Holen, Johnny Bakke og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er negative til å setje av området ved Robbjørgane til opplæringsområde, medan Sunnfjord kommune og Hjalmar Dispen er positive til forslaget.

Prosesen og kunnskapsgrunnlaget

Idar Holen reagerer på at dei som bur i Robbjørggrenda ikkje har vore involvert i prosessen før saka vart sendt ut på høyring. Han stiller også spørsmål ved at søknaden ikkje har vore lagt fram i politiske organ i kommunen. Han peiker vidare på at det er uheldig at kommunen ikkje har gjort støymålingar eller undersøkingar i terrenget med tanke på verknadene for flora og fauna. Hjalmar Dispen er på den andre sida positiv til prosessen, og meiner at kommunen har utarbeida eit godt forslag som omtalar interessene i området på ein utfyllande og god måte.

Fastsetting av nytt område for obligatorisk opplæring i snøskuter skal følgje forvaltningslova sine sakshandsamingsreglar for forskrifter. Dette inneber mellom anna at saka skal vere tilstrekkeleg førebudd og utgreidd, og det skal vere gitt varsel slik at offentlege og private interessentar får høve til å uttale seg om saka. Miljødirektoratet har gitt rettleiing om prosessen med å etablere snøskuterløyper¹. Denne gjeld ikkje direkte for ei forskrift om område for obligatorisk opplæring i snøskutar, men kan likevel gi relevant og verdifull rettleiing også for denne prosessen. Kommunen har teke utgangspunkt i krava til utgreiing som går frem av denne rettleiaren, og Statsforvaltaren vurderte at saka var tilstrekkeleg utgreidd til at forslag til forskrift kunne sendast ut på høyring.

I den nemnde rettleiaren frå Miljødirektoratet går det frem at kommunen kan vurdere ulike tiltak for å sikre en god og open prosess, som til dømes oppstartsmøte med dei som vert påverka av forslaget, drøftingsmøte med meir. Det kan difor diskuterast om det hadde vore føremålstenleg med ein breiare involvering frå kommunen sin side i forkant av at forslaget vart sendt inn til Statsforvaltaren. Saka vart likevel sendt på høyring til ein rekke offentlege og private interessentar, og høyringa vart mellom anna annonsert i lokalavisa, i Norsk lysingsblad og på Statsforvaltaren sine nettsider. Dette har gjeve grunnlag for at private personar, interesseorganisasjonar og andre har hatt høve til å uttale seg om saka, og at dei innsendte høyringssvara vert teke med i kunnskapsgrunnlaget for avgjerda. Statsforvaltaren vurderer at krava til varsling og høve til å uttale seg i saka med dette er tilstrekkeleg

¹ [Hvordan gå frem for å fastsette snøskuterløype? - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/Hvordan-ga-frem-for-a-fastsette-snoskuterloype/)

sikra. Når det gjelder kunnskapsgrunnlaget og dei miljørettslege prinsippa, viser vi vidare til våre vurderingar under.

Nedslagsfelt og bruk av området

Sunnfjord kommune ser det som ein fordel med eit opplæringsområde i den nordlege delen av Vestland fylke, slik at reisevegen vert redusert for kommunar nord for Sognefjorden. Johnny Bakken peiker i sitt høyrings svar på at val av område bør sjåast i samanheng med behov i nabofylka, då det ikkje skal vere fleire øvingsområde enn naudsynt. Det same gjeld spørsmålet om stabile ver- og snøtilhøve. Idar Holen viser i sitt høyrings svar til at omfanget av opplæringsområde ikkje er stipulert, og stiller spørsmål ved om det er trong for eit slikt område.

Statsforvaltaren sin vurdering er at det er grunnlag for å etablere eit område for obligatorisk opplæring i snøskuter i den nordlege delen av Vestland fylke. Eit slikt opplæringsområde fyller eit samfunnsnyttig føremål ved at det gir næringsaktørar, som til dømes kraftselskap, skisenter og redningsteneste tilgang til personell med førarkort klasse S. Det aktuelle området strekkjer seg frå om lag 450 moh til om lag 700 moh, og er eit utmarksområde med variert terreng som eignar seg for opplæringsføremål. Vi meiner vidare at kommunen gjennom si saksutgreiing har vist at snøtilhøva er tilstrekkeleg gode og stabile for føremålet.

Det er lang reiseveg til dei næraste opplæringsområda i Holbygda i Voss herad og Haltdalen i Holtålen kommune i Trøndelag. Då området i Stryn kommune ligg mellom desse to eksisterande områda, vil det vere ei geografisk aktuell plassering. Dette er også i samsvar med signala frå Statens Vegvesen som kom fram i informasjonsmøte for kommunane i Vestland fylke 14. april 2024. Statens vegvesen gav her uttrykk for at reiseveg opp til tre til fire timar var innanfor det akseptable. Ved å etablere eit område i Stryn kommune vil det gi høve til opplæring i snøskuter for eit tilstrekkeleg stort geografisk nedslagsfelt som i dag har lang reiseveg til næraste eksisterande opplæringsområde. Som Stryn kommune, legg vi til grunn at et opplæringsområde i her kan betene store deler av gamle Sogn og Fjordane i tillegg til sørlege delar av Møre og Romsdal. Vi har også fått tilbakemelding om at Statens vegvesen er samd i vurderinga av kva som er det potensielle nedslagsfeltet for et opplæringsområde i Stryn kommune.

Statens vegvesen har presentert tal som viser at talet på førarkort knytt til denne delen av Vestland fylke i perioden 2020-2022 ligg frå 12 til i overkant av 30 førarkort årleg. Til samanlikning var talet på førarkort knytt til trafikkskulane i Sogndal 5-7 årleg og på Voss rundt 90 årleg. Oppdaterte tal frå Statens vegvesen for dei to siste åra viser at det totalt sett var 154 elever i 2023 og 199 elever i 2024

som tok førarkortklasse S i Vestland fylke. I Møre og Romsdal var det 28 elevar frå den nordlege delen av fylket som tok førarkort klasse S i 2023, men ingen i 2024. Den lokale trafikkskulen estimerer at det i åra som kjem vil vere mellom om lag 20 til 30 kursdeltakarar årleg. Viss forskrifta vert vedteke vil området i Stryn også vere opent for andre trafikkskular, men det er i dag ikkje kjent om det vil vere interesse for dette. I det antekne nedslagsfeltet kjenner vi berre til at det er godkjente trafikkskular i Sogndal, men reisevegen tilseier at opplæringsområdet på Voss kanskje er like aktuell for desse skulane. Samla sett er det likevel eit tilstrekkeleg stort tal forventa kursdeltakarar for opplæring i førarkort klasse S til at det er fornuftig å etablere eit opplæringsområde i denne delen av fylket.

Tilkomst

Idar Holen og Johnny Bakke peiker i sine høyringssvar på at tilkomstvegen er i dårleg stand og treng utbetring og vedlikehald dersom området ved Robjørgane skal nyttast til opplæringsområde for snøskuter. Kommunen har i si saksutgreiing vist til at tilkomstvegen går via kommunal, riks eller fylkesveg, og at vegen difor skal vere vinterbrøytt heilt fram. Då tilkomsten frem til parkeringsplass er offentleg veg, legg Statsforvaltaren til grunn at tilkomsten er tilstrekkeleg sikra. Vi reknar også med at vegeigarane syter for tilstrekkeleg utbetring og vedlikehald av vegen i samsvar med sektorregelverket.

Tilsyn

Idar Holen gir innspel om at Stryn kommune eller Statsforvaltaren må ha tilsyn og ansvar for arealet.

Statsforvaltaren viser til at Statens vegvesen er tilsynsmyndigheit for det som gjeld sjølv opplæringa og har ansvar for vurderingar knytt til spørsmålet om området er eigna for føremålet. Vidare har Statens naturoppsyn (SNO) ansvar for å føre tilsyn med at regelverket om motorferdsel i utmark vert etterlevd. Ifølgje tilbakemeldingar frå SNO har det vore eit tett og godt samarbeid med trafikkskulen som hadde kurs i området i koronaperioden. Vi finn dermed ikkje grunn for å etablere ytterlegare tilsyn med arealet.

Naturverdiane i området

Idar Holen, Johnny Bakke og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er uroa for at tiltaket vil ha negativ påverknad på naturverdiane i området. Det er peikt på at terrenget med myr og vatn kan ta skade av køyring med snøskuter, i tillegg til at støy som følgje av køyringa vil forstyrre dyre- og fuglelivet i området.

Det føreslegne området femner ifølge kommunen si saksutgreiing om bærlyngskog med furu som det dominerande treslaget, og myrlendt landskap som gradvis endrar seg til open grunnlendt mark med spreidde førekomstar av furu. Området er ikkje kartlagt for verken naturtypar eller artar, dette gjer at det grunn til å legge stor vekt på føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9. Vi viser her til at det er kartlagt verdifulle og dels sterkt trua naturtypar i tilgrensande, tidlegare kartlagde område, og det naturleg å vente at mye av den same naturen finst i det omsøkte området. I tillegg til myr som pregar mye av området i sommarhalvåret, er her også fleire funn av olivinskog. Denne sterkt trua naturtypen finst ofte i små og spreidde førekomstar, og er ein av 16 naturtypar som er valde ut til den nasjonale oppfølgingsplanen for trua natur. Det er sannsynlegvis også snakk om gammal furuskog som i denne høgda gjerne finst i form av spreidde enkelttre av høg alder, sjølv om alderen ikkje alltid viser seg i storleiken på trea. Dei som skal drive aktiviteten i området tar derfor på seg eit ansvar for å unngå skade på naturverdiar.

Statsforvaltaren si vurderinga av tiltaket legg til grunn at ei forskrift berre vil opne for å køyre med snøskuter, men ikkje for å setje i verk fysiske tiltak i området, og vidare at det berre køyrast når det er tilstrekkelege snømengder i området til å unngå skade på terrenget. Vi legg også til grunn at forsvarleg køyring med snøskuter under leiing av godkjente køyreskular ikkje vil føre til forureining av vasskjelder når det ligg eit solid snødekke i området.

Vår vurdering er at naturtypeførekomstane i området ikkje er til hinder for å bruke området til obligatorisk opplæring i snøskuter så lenge forskrifta tek høgde for at slik køyring berre kan skje når det ligg tilstrekkeleg med snø i terrenget til å unngå terrengskade. Det er også eit viktig moment at forskrifta ikkje opnar for fysisk tilrettelegging, terrenginngrep eller felling av tre. Det må også sikrast at aktiviteten ikkje påverkar førekomstar knytt til innfartsområdet, til dømes dei svært verdifulle naturtyperlokaltetane rundt Haugen ved enden av vegen.

Støy frå snøskuter vil kunne forstyrre fugle- og dyrelivet i området. Det føreslegne området ligg ikkje i eit villreinområde, og det er ikkje registrert observasjonar av andre sårbare artar. Det siste skuldast truleg berre at området ikkje er undersøkt, og vi viser til at det er funne raudlista artar i tilgrensande område, både ved Haugen og lenger oppe i høgda. I Miljødirektoratets rettleiar for naturmangfald og planlegging av snøskuterløyper², går det frem at det også bør vurderast å ta omsyn til lokalt kjente, og særleg gode leveområde for rype. Det er ikkje registrert ryper i tiltaksområdet i Artsdatabanken, men dette skuldast nok mest at området ikkje er undersøkt. Trass i dette er det registrert sommarfunn av både lirype og fjellrype i større høgder, så det er sannsynleg at rypene vinterstid

² [veiledning---naturmangfold_tilbakemelding-003.pdf](#)

bruker meir lågareliggande område med spreidd skog, som i området som er føreslått i denne saka. Kommunen har i si saksutgreiing lagt vekt på at dersom forskrifta tek omsyn til hekkeperioden for rype og trekkperioden for hjort, vil ikkje skuterkøyning i avgrensa periodar og omfang føre til store negative konsekvensar for økosystemet. Statsforvaltaren delar til ein viss grad denne vurderinga, men meiner at kunnskapsgrunnlaget er tynt og at både eksisterande informasjon og føre-var-prinsippet tilseier at perioden der det vert opna for obligatorisk opplæring i snøskutar bør avgrensast noko meir enn det er lagt opp til. Ved å avgrensa perioden i starten og slutten av sesongen, vil forskrifta også i større grad samanfalle med perioden der snøtilhøva er stabile, og ta høgde for at endringar i klima kan føre til færre snø dagar i området.

Støy og friluftsliv

Idar Holen og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane viser i sine høyringssvar til at opplæringsområdet vil komme i konflikt med friluftslivinteresser. Støy og lys frå snøskutarane vil forstyrre dei som går tur i området, og køyrespor frå snøskuterane vil øydelegge inntrykket av urørt natur. Høyringssvara framhevar at slike utrområder utan særleg tilrettelegging er viktige å ta vare på. Idar Holen uttrykker også uro for at støy frå snøskutarane vil forstyrre dei som bur eller har hytter i området.

Kommunen har i si saksutgreiing lagt vekt på at det føreslegne området ligg utanfor minimumskrav til avstand til bustad- og hyttefelt som retningslinene for snøskuterløyper tilrår, og at det difor ikkje er naudsynt med vidare undersøkingar eller vurderingar knytt til dette. Statsforvaltaren viser til at dette er i samsvar med Miljødirektoratets rettleiar for støy og planlegging av snøskuterløyper³, og støtter denne vurderinga.

Det går vidare frem av kommunen si saksutgreiing at heile det føreslegne området ligg i eit større turområde som er kartlagt som svært viktig friluftsområde. Dersom det opnast for å nytte området til obligatorisk opplæring i snøskutar, vil støy frå snøskuterkøyninga under gjennomføringa av kursa overstige dei tilrådde støygrensene for slike område. Dette vil innebera at friluftslivet vert forstyrra i periodane kursa vert gjennomført. Ut i frå kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, er det estimert at det vert gjennomført 3-4 kurshelger (torsdag-søndag) i løpet av sesongen.

I Miljødirektoratets rettleiar for støy og planlegging av snøskuterløyper går det frem at det ikkje er forbode å leggje snøskuterløyper i viktige friluftsområde, men at det skal gjerast særlege vurderingar då ein viktig verdi i slike område er at det er stille. Sjølv om friluftslivet vil verte påverka, legg

³ [veileder stoy snoskuterloyper.pdf](#)

kommunen i si saksutgreiing vekt på at området er lite brukt om vinteren samanlikna med andre område i kommunen. Det blir og vist til at kommunen har mange og store friluftsområde, og at heile 91 % av desse er kartlagt som viktige eller svært viktige. Å setje av området ved Robjørgane til obligatorisk opplæring i snøskutar vil difor ikkje i nemneverdig grad påverke friluftslivtilbodet i kommunen som heilskap.

Statsforvaltaren legg til grunn kommunens vurdering av at tiltaket ikkje vil føre til at friluftstilbodet i kommunen heilskapleg sett vil verte nemneverdig påverka. Det er likevel ikkje tvil om at bruken av området til snøskuteropplæring vil forstyrre friluftslivet lokalt, og at køyrespor vil øydelegge området karakter av urørt natur. Like fullt kjem Statsforvaltaren til at omsynet til friluftslivet ikkje kan få avgjerande vekt i denne saka. Vi viser i denne samanhengen til at saka gjeld obligatorisk opplæring i snøskutar som kan ha eit samfunnsnyttig føremål. Dersom tiltaket gjaldt ei snøskuterløype som ikkje har eit nytteføremål, ville omsynet til friluftslivet hatt tyngre vekt. Vi legg òg til grunn at når området vert nytta til obligatorisk opplæring vil motorferdsla vere avgrensa til særskilde kursdagar, og at forstyrringa av friluftslivet dermed vil vere avgrensa til desse dagane.

Omsynet til friluftslivet tilseier likevel at forskrifta kan justerast for å ta meir omsyn til friluftslivinteressene. Dersom tidsperioden der det er høve til å gjennomføre obligatorisk opplæring avgrensast, vil friluftslivet i mindre grad verte negativ påverka samanlikna med forslaget som vart sendt ut på høyring. I tillegg bør kommunen leggje til rette for god informasjon om når det vert gjennomført kurs i snøskutar i området. Dette kan etter vår vurdering redusere interessekonflikten med friluftslivet. Vi finn ikkje grunnlag for å redusere arealet som er føreslått, då det er naudsynt med eit relativt stort areal for å kunne nå dei læringsmåla og gjennomføre dei øvingsmomenta som læreplanen for førarkort klasse S krev.

Til sist legg vi vekt på at forskrifta berre regulerer bruk av området og ikkje opnar for fysiske tiltak. Dersom forskrifta fører til uføresett stor belastning eller negative konsekvensar for friluftslivet eller andre interesser, er det også mogleg å endra eller oppheva forskrifta på eit seinare tidspunkt.

Oppsummering

Å etablere eit område ved Robjørgane i Stryn kommune til obligatorisk opplæring i bruk av snøskuter har eit samfunnsnyttig føremål, ved at det gir grunnlag for å sikre at det er tilgang til personar med førarkort klasse S til lokale næringsføremål og redningsteneste. Det aktuelle området strekker seg frå om lag 450 moh til om lag 700 moh, og er eit utmarksområde med variert terreng som eignar seg for opplæringsføremålet. Etableringa i Stryn kommune gir ei geografisk god plassering sett i høve til

eksisterande opplæringsområde i fylket og nabofylka, og på bakgrunn av tal frå Statens vegvesen, meiner vi at det er trong for eit slikt opplæringsområde i denne delen av Vestland fylke. Området vil sikre tilgang til snøskuteropplæring for eit passande stort geografisk nedslagsfelt der reisevegen til næraste eksisterande opplæringsområde i dag er uforholdsmessig lang.

Området som er planlagt brukt som øvingsområde har ikkje blitt kartlagt med tanke på naturverdiar. Data frå tidlegare kartleggingar i tilgrensande område gjer at det likevel ikkje er tvil om at området kan innehalde viktige, sjeldne og sårbare naturtypar. Det er difor avgjerande for vår vurdering at øvingsaktiviteten i området berre skal skje når landskapet har eit tjukt snødekke.

Tiltaket vil medføre støy som kan få negative konsekvensar for naturmangfald og friluftsliv. For å redusere mogleg skade og påverknad på naturmiljøet og friluftinteressene, meiner Statsforvaltaren at det er naudsynt å avgrense tidsperioden der opplæringa kan skje. Forslaget som vart sendt ut på høyring gav i § 3 høve til opplæring frå 15. november til 25 april. I desember er dagane så korte at rypen og anna fugleliv treng å bruke heile den lyse delen av døgnet til å få i seg nok næring til å overleve nettene. I den mørkaste delen av vinteren bør det derfor ikkje køyrast. Ved å redusere perioden der opplæring er tillat frå 2. januar til 30. mars, kan vi ta omsyn både til hjortebestanden i området og hekketida for rype. I denne tidsperioden er det samtidig mest sannsynleg at snøtilhøva er gode og at det er eit tilstrekkeleg tjukt snødekke i området. Det vil dermed vere minimal risiko for at snøskuterkøyringa kan skade terrenget.

Vi vil likevel peike på at det uansett er ein føresetnad at det berre kan gjennomførast snøskuteropplæring når det er tilstrekkeleg snødekke i området til å unngå terrengskade. For å tydeleggjere dette, vil vi i tillegg skrive dette eksplisitt inn i føresegna. Med desse justeringane i forskrifta meiner vi at det samla sett er lite sannsynleg at tiltaket vil føre til nemneverdig skade på naturmangfaldet.

Å redusere tidsperioden for opplæringa vil redusere dagar med mogleg støypåverknad med i overkant av 70 dagar. Forskrifta vil med dette også i mykje større grad ta omsyn til friluftinteressene i området. Interessekonflikten med friluftslivet vil i tillegg kunne reduserast ytterlegare dersom kommunen legg til rette for god informasjon om når det vert gjennomført kurs.

Avslutningsvis legg vi vekt på at forskrifta ikkje opnar for verken midlertidige eller varige fysiske tiltak i området som kan påverke naturmiljøet eller området karakter av urørt natur. Det er vidare høve til å endre eller oppheve forskrifta dersom det skulle vise seg at tiltaket fører til uføresette vesentlege negative verknader for naturmangfaldet eller friluftslivet.

Heilskapleg sett meiner vi at forskrifta med dei justeringane vi har gjort etter høyring, opnar opp for eit samfunnsnyttig føremål samtidig som risiko for skade på naturmangfaldet og negativ påverknad på friluftslivinteressene er avgrensa i størst mogleg grad. Vi vurderer vidare at vi ved å redusere tidsperioden ikkje har endra forskrifta i ein så vesentleg grad at det er trong for ny høyring. Saka er dermed tilstrekkeleg utgreidd og klargjort til at vi kan vedta forskrifta.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 gjeld miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit som kan få verknad for naturmangfald, og det skal gå fram av vedtaket korleis desse prinsippa er tekne omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Dette inneber at kunnskapsgrunnlaget i saken skal være tilstrekkeleg. I tillegg skal prinsippa om føre-var, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing og miljøforsvarlege driftsmetoder vurderast.

Ei forskrift som opnar opp for køyring med snøskutar i eit geografisk avgrensa område, vil kunne påverke naturmangfaldet i det aktuelle området. Dette gjeld i første rekke forstyrning av større dyr og fuglar som følgje av støy. Dersom det ikkje er eit tilstrekkeleg snødekke i området, vil også terrenget kunne ta skade. Da forslag til forskrift kan påverke naturmangfaldet ved Robbjørgane i Stryn kommune, gjeld miljørettsprinsippa som retningsliner i denne saka. Prinsippa er trekt inn og vurdert i saksutgreiinga til kommunen, og vi viser til vurderingane som kommunen har gjort. Vi vil her kommentera miljøprinsippa ytterlegare i lys av dei innkomne fråsegnene og formuleringa av den endelege forskrifta. Miljørettsprinsippa ligg også til grunn for våre vurderingar av naturverdiane i området, samt den heilskaplege vurderinga av saka. Vi tek utgangspunkt i Miljødirektoratets rettleiar om naturmangfald og planlegging av snøskuterløyper, og legg som nemnt over til grunn at denne også er aktuell i sak om å setje av eit område for obligatorisk opplæring i bruk av snøskuter.

Naturmangfaldlova § 8 stiller krav til kunnskapsgrunnlaget, og seier at avgjerda så langt mogleg skal byggje på vitskapleg kunnskap om arters bestandssituasjon, utbreiinga av naturtypar og økologisk tilstand og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal tilpassast sakas karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Det følgjer av Miljødirektoratets rettleiar at utgreiinga skal ta utgangspunkt i kunnskap som er tilgjengeleg, men at det kan vere naudsynt å innhente ny kunnskap om viktige tilhøve som det ikkje ligg føre opplysningar om.

Idar Holen peiker på at det er uheldig at kommunen ikkje har gjort støymålingar eller undersøkingar i terrenget med tanke på verknadene for flora og fauna. Kommunen har i sitt saksgrunnlag teke

utgangspunkt i eksisterande kunnskap og kartleggingar. Det er henta opplysningar frå Artsdatabanken, Naturbase og NVE og NGU sine karttenester. Vidare er opplysningar om støy og korleis dette påverkar omgivnadene henta frå Miljødirektoratets rettleiar om støy og planlegging av snøskuterløyper, og lagt til grunn for vurderingane. Sett i høve til tiltakets karakter og risiko for påverknad av naturmangfaldet, meiner Statsforvaltaren at kunnskapsgrunnlaget i utgangspunktet er svakt, og at det ideelt sett burde ha vore gjennomført naturkartlegging i området. Vi legg ved avgjerda likevel vekt på at det er gjort relevant kartlegging i tilgrensande område, som vi meiner har direkte overføringsverdi til det føreslegne øvingsområdet. Sjølv om dette indikerer klare naturverdiar, er det eit hovudpoeng for oss at det er mogleg med ei drift som ikkje vil skade verdiane i øvingsområdet nemneverdig. Det skal vidare ikkje gjennomførast fysiske tiltak i området, og det er høve til å endre eller oppheve forskrifta dersom det likevel viser seg at tiltaket fører til vesentlege negative verknader for naturmangfaldet.

Naturmangfaldlova § 9 seier at dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva verknader eit tiltak har for naturmangfaldet, skal det tas sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Johnny Bakken peiker i sitt høyrings svar på at så lenge det ikkje har vore synfaring i området må føre-var-prinsippet vektleggjast slik at ikkje avgjerda vert teke på feil grunnlag. Kommunen skriv også i si saksutgreiing at det kan vere sårbare artar eller naturtypar i området. Som nemnt over kunne kunnskapsgrunnlaget med fordel ha blitt styrka gjennom kartlegging av området. I utgangspunktet er det likevel vår vurdering at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å ta avgjerd i saka. For å ta omsyn til og unngå vesentleg skade på naturmangfaldet, vil vi etter høyringa avgrense tidsperioden for opplæringsaktiviteten samanlikna med forslaget til forskrift som var sendt ut på høyring. På denne måten meiner vi at føre-var-prinsippet er teke omsyn til i saka, all den tid forskrifta ikkje opnar for varige tiltak og kan gjerast om ved uføresette verknader.

Naturmangfaldlova § 10 legg føringar om å ta omsyn til den samla påverknaden på økosystemet. Det gjeld etter motorferdslerregelverket eit forbod mot motorferdsle i naturen. I utgangspunktet skal det dermed ikkje vere motorferdsle i det aktuelle området. Med den justerte opplæringsperioden blir det teke omsyn til dei mest følsame periodane for rype og anna fugleliv, og perioden der hjorten trekk nedover mot fjorden, ved å redusere tidsperioden der opplæringa kan skje. Dette vil også bidra til å verne terrenget mot skade fordi denne perioden er meir snø sikker. Med desse føresetnadene meiner Statsforvaltaren at samla belastning for økosystemet er på eit forsvarleg nivå, og at det er mogleg å vedta ei forskrift som tillét obligatorisk opplæring i bruk av snøskuter i dette området. Det er kjent at redningstenesta nyttar deler av området til øving i samsvar med godkjent øvingsplan frå

Vest politidistrikt. Samla belastning for området må framover vurderast også ved godkjenning av øvingsplanane til redningstenesta.

Naturmangfaldlova § 11 legg føringar om at tiltakshavar skal dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som følgje av tiltaket. Etter føresetnadene skal ikkje forskrifta føre til nemneverdig skade på naturmangfaldet. Retningslina er dermed ikkje aktuell å vurdere på dette tidspunktet.

Naturmangfaldlova § 12 stiller krav om å gjere ein heilskapleg vurdering med mål om å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet, der det skal takast utgangspunkt i dei driftsmetodar, teknikkar og lokalisering som gjev det beste samfunnsmessige resultatet. Det er ein føresetnad at aktiviteten i området til ein kvar tid gjennomførast på ein miljøforsvarleg måte i samsvar med lovar og reglar på området, og med dei avgrensingar som er gitt for snødekke, aktivitetsperiode, inngrep og lokalisering meiner vi at driftsmetodane samla sett gjer det mogleg å ta vare på naturverdiane i området. Vidare har tiltaket eit samfunnsnyttig føremål. Både næringsaktørar som skisenter, kraftselskap, og redningsteneste har behov for folk som har førarkort klasse S. Ved å setje av området ved Robjørgane i Stryn kommune, vert det lagt til rette for naudsynt opplæring i bruk av snøskutar for eit stort geografisk område. Heilskapleg sett, meiner vi at forskrifta på denne måten gir eit godt samfunnsmessig resultat der risiko for skade på naturmangfaldet er avgrensa i størst mogleg grad.